

Marcialonga – ei stor oppleving

Eit skirenn som eg på det varmaste kan råde andre til å prøve.

Vi kom til dalen Val di Fiemme i Italia laurdag 25. januar. Då hadde eg og ei gruppe løparar frå Nordea delteke i bank-EM på ski oppe i Santa Catarina i Bormio. Vêret var nydeleg og arrangøren sine eigne smørjetips sa blå klister i botn med ulike vokstypar som dekke. Spørsmålet var berre kor mjuk voks vi skulle våge leggje på. Skitestarane melde tilbake om kanonføre og spikarfeste.....

FØNVIND. Etter nokre nervøse nattetimar med uroleg søvn kom sjokket nesten morgon. Vi vakna opp til varm og sterk fønvind. Då hjelpte det lite at skiene var nesten ferdigsmurde. Etter å ha inspisert snøen, som bestod av mykje korna kunstsno, kjende eg meg langt frå like trygg på festet som kvelden før. Vel vel; med VR 50 på toppen fekk det bere eller breste – vi skulle oppover Val di Fiemme-dalen dei fyrste 15 kilometerane, resten var mykje flatt, bortsett frå den siste harde «kneika» mot mål.

SINTE ITALIENARAR. Utan seeding og med startnummer3925, såg eg raskt at her vart det mange å gå forbi. Langt frå alle verka like gjennomtrena i puljene som reiste av garde. Dette skulle også vise seg å bli ein realitet. Noko som medførde mange sinte italienarar og nokre slag med stavane. Sterk vind gjorde ikkje oppgåva lettare. Heldigvis kom eg meg gjennom fyrste tre mila utan store uhell og med helsa i behald.

FIN LØYPE. Løypa, som er vel sju mil lang, er særst publikumsvennleg. Den går gjennom fleire små landsbyar. Den startar i Molina, går oppover til Canasei, før den returnerer til Molina og vidare nedover dalen til målgang i Cavalese. Drikkestasjonane var mange, godt bemanna og med rikt utval. Då løypa gjekk nedover dalen, og vêret vart varmare skjønna eg at dette kom til å bli eit blodslit. Den flate løypetraséen kjendest tyngre og tyngre då vi gjekk rett inn i raudt klisterføre. Etter kring fem mil snegla vi oss gjennom VM-stadion i Val di Fiemme, og sjølv der har det vel sjeldan vore så mange slitne langrennsløparar på ein gong.

VELSIGNA RAUDT KLISTER. Vi nådde Molina som er siste landsbyen og sju kilometer før målgang. Derifrå gjekk det slakt oppover i fire kilometer. Siste tre kilometerane er ein lang og bratt samanhangande motbakke til målgang i Cavalese som ligg litt oppe i åssida. Dei fleste plar smørje om før den tøffe avslutninga. Det var plassert fleire smørjeboder der løparane kunne stille seg i kø for eit lag festesmurning. Sjølv stogga eg ved ein stasjon i Molina (sju kilometer før mål). Kreftene var på brestepunktet og skiene hadde null feste. Etter eit velsigna lag med raudt klister fekk eg nye krefter til å fullføre. Siste stigninga på tre kilometer gjekk eg med gode ski og ei pirrande kjensla av snart å vere i mål.

Etter målgang må eg innrømme at eg knappast har teke med slik ut nokon gong tidlegare. Sluttida vart 4.50.41. Det gjekk likevel ikkje lenge før kroppen byrja fungere att og eg drømde om nye flotte skiopplevingar

Stian Mork, januar 2008

PS: Stian gjekk same rennet i 2012. Då på 3.51.23, med andre ord nær timen raskare enn debuten i 2008